

# RAPPORT OM SYNFARING

av

ny trase for R7 utanom  
GOL SENTRUM.

-----

Ref.: Statens Vegvesen, Buskerud, Planleggingsavdelingen;  
Parsell nr. 05.0007.1-13. Gol S.-Gol V.  
Hovedplan av jan. 1970 alt. II. fra profil nr. 134500  
til profil nr. 137480. Foreløpige planer av 7 mai 71.  
Statens Vegvesen, Plankontoret; Oppdrag nr. 69/5.3.  
Univ. Oldsaksamlings vegtrase nr. 54.  
" " brev av 8/5-1971.  
Kart: Statens Vegvesens planleggjingskart nr. Al/1369  
Al/1370-75.  
Gradteigskart over Gol herad.

-----

## I. Traseutstrekning, lægje m.m.

1. Traseen fylgjer på nordsida av elvelaupet åt Hallingdalselvi utanfor tettbusetjinga i Gol sentrum, der den nåverande R7 går, og strekkjer seg frå omlag tunnelinngangen åt Heimsil II (Oslo Lysverker) i aust ( i retning Bekkum/Herad) og til Moen bru i vest. (i retning Torpo/Ål). Lendet og grunnen attmed traseen er som elles i dalbotnen i Hallingdal- store is og vasskurde steinar og blokkar, som nå til dels har vorte fjerna pga aker og engrudning. Den vestre lut en av traseen er skogtekt (glesen furuskog o.a.)
2. Den nye traseen er i aust (jfr. pkt. 1) planlagd å taka av frå den nåverande R7 gjennom Gol sentrum v/2 alternative löysingar:  
Alt. a. Ca. 50 m. SA av inng.tunnellen åt Heimsil II- under den nåverande brua over Hallingdalselvi åt Gol stasjon- og möter alt. b. omtrent ved profil 134800 som ligg på eigadomen åt B. og E. Hoftun (gnr. 9 brnr. 19). (Jfr. kart Al/1370, der alt. a. er innteikna med ein tjukk blyantstrek.)  
Alt. b. Vil taka av frå den nåverande R7 ved profil nr. 134600- mao ca. 150 m. aust av Hallingdal Samvirkelags tomt i Gol- krossa den nåverande vegen åt Gol jarnbanestasjon (jfr. kart nr. Al/1370) profil nr. 134700) og komma inn på a. alt. a. v/o.n. stad. (jfr. pkt.a.)
3. Ved profil nr. 135600 er det- i retn. NV-planlagd ein avköyringsveg åt Gol sentrum i bru over Heimsilili. (Jfr. kart nr. Al/1371 og Al/1375



4. Mellom profil nr. 137200 og 137400 (på eigadomane åt Wilhelm Thoresen Lauvrud -gnr. 14 br.nr. 79-, Thomas Persbråten -gnr. 14 br.nr. 25- og arvingane åt Hallsteinsgard -gnr. 14 br.nr. 24-) er det planlagd 2 alternative löysingar til avköyring og ny kross for R52 åt Hemsedal og Borlaug bru. (evt. og ny trase), påmensingen av desse vil det verta aktuelt å byggja ut i nær framtid. (Oppl. gjevne på Statens Vegvesen i Buskerud, planleggjingsavdelinga, Drammen.)

II. Alle desse traseane vart synfarte og fylgjande merknader gjorde:

1. I skogbrynet- ca 3. m. N. av pel 137260 (på eigadomen åt Tomas Persbråten- gnr. 14 brnr. 25)- ligg ei röys med diameter på ca. 4 m. og högd ca. 0,70m. Strukturen er sers laus og <sup>röys</sup> skriv seg etter alt å döma frå fhv. ny tid - mest truleg er det ei fhv. moderne rudningsröys som skriv seg frå den tida då enga, som röysa ligg inn mot, vart rudd. Ho vil komma til å liggja i nordkanten av den prosjekterte vegbanen, men kjem nok ikkje inn under "lov om fornminne." (Jfr. kart. nr. AL/1374).

2. På gjordet åt Olav O. Viko (gnr. 9. br.nr. 3) ca. 17m. beint aust av det nordaustre hjørnet av ein revegard, på hi sida av ein gardsveg, ligg leivingane etter ein truleg låg haug eller röys, med ein diameter på ca. 6m. og högd på ca 0,60 m. (NB nåverande). Sentrum er heilt utkasta, og i kantane ligg det ein del knubbestore steinar. Krateret er nå delvis fylt med søppel og anna skrot.

V.s.a. denne (i retn. vest) er ei forhøgning som på same viset kan vera leivingane av ein haug. Den nåverande hövda er 0,40m. og diameteren ca 3m. (NB. avgrensinga er noko uviss). (Jfr. 41/1374).

Ingen av desse trulege fornminna vil verta störra av den prosjekterte vegtraseen på noko vis, (jf. kart nr. Al/137) men det er plögd heilt opp til kanten av dei, og dei kan stå i fåre for å kverva heilt ved seinare plögning.

3. Det vart elles observert ein del tufter etter nå nedlagde eller flytta gardar og bruk, men ingen av desse er av förhistorisk karakter. Dei er av vanleg hallingtype med tydelege leivingar etter fjös, löe og 2 römsstugur, og har truleg vorte nedlagde for fhv. stutt tid sidan, ettersom det ennå låg att syllstokkar og leivingar etter dei nedste laftom fara i fleire av tuftene- somme stader og leivingar etter löebru o.a. Ettersom fleire av desse tuftene ligg midt i den prosjekterte vegbanen, og nok har ei viss etnologisk interesse, kjem eg til å fara opp til Gol i laupet av sommaren for å få målt dei opp og kartert dei inn og oversenda materialet til Norsk etnologisk gransking, Norsk Folkemuseum, Bygdøy.

III. Synfaringa företeken den 13/5-1971 av stud.mag. art Ola J. Melby, Univ. Oldsaksamling, Oslo.

Osl. 18/5-1971

Ola J. Melby  
O. J. Melby



19. mai 1970

Buskerud Vegvesen  
Planleggingsavdelingen  
Erik Børresensg 20  
3000 Drammen

Ad ny vegtrasé gjennom Gol sentrum

De forskjellige alternativ for ny trase for R7 utenom Gol sentrum, er i begynnelsen av mai blitt befart av Stud.mag.art. Ola J. Melby og det er ikke påvist noen synlige fortidsminner.

Imidlertid har vi ingen garanti for at nå skjulte fortidsminner kan bli avdekket ved anleggsarbeidet, og vi venter at De om så skulle skje straks tar kontakt med oss.

Med hilsen

Kalle Sognnes

PS. Vi har foreløpig beholdt detaljplanen i vårt arkiv, men De vil naturligvis få den tilsendt om det skulle være ønskelig.